

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

**Vår dato:** 19.01.2022

**Vår ref.:** 202200463-2

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:**

**Steinar Lillefloth** stli@nve.no

## **NVEs innspel til varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Rv. 9 Neset - Bygland kommune**

Vi syner til brev frå Statens vegvesen (udatert). Planen gjeld kurveutbetring på rv. 9 ved Neset. Strekninga er ca. 1,3 km lang, med start ca. 1 km sør for avkjørsla til Neset camping. Dagens veg tilfredsstiller ikkje geometri og siktkrav, og vegen skal difor utbetraast.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeidning av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

### **NVE sine konkrete innspel**

#### Skredfare

Deler av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, jf. NVE Atlas. Det må difor gjerast ei nærmare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet, og det må dokumenterast at sikkerheita er ivaretaken og at tiltaket kan gjennomførast, jf. krav i plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17 § 7-3 med rettleiing. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg skredfagleg kompetanse. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen som omsynssone (jf. tbl. § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trøng for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

#### Flaum og erosjonsfare

Aktsemdukart for flaum (jf. NVE Atlas) viser potensiale for flaum i planområdet, og den reelle faren for flaum må avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200-års flaum skal synast i plankartet som omsynssone H320, jf. tbl. § 12-6, og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.



Vi viser til [NVE sin retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) (revidert 22. mai 2014).

### Klimatilpassing og overvasshandtering

Reguleringsplanen bør gjennom bruk av reguleringsføremål, omsynssoner og føresegner sørge for at dei areala som er best eigna til overvasshandtering, og som truleg er nødvendig for ei sikker vasshandtering, ikkje blir bygd ut. Tiltak, konstruksjonar og anlegg som er nødvendige for gjennomføring av planen, bør vere lokalisert innanfor plangrensa. Sjå elles informasjon om overvatn på NVE si heimeside: <https://www.nve.no/arealplanlegging/overvann-i-arealplanlegging/>.

### Energianlegg

Eit velfungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen, rår vi dykk til å nytte våre [nett sider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar til reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioritærer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
sekjonssjef

Steinar Lillefloth  
sakshandsamar

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*



**Mottakarliste:**  
STATENS VEGVESEN

**Kopimottakarliste:**  
Bygland kommune